

Til kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune
v/kontrollsjef Einar Ulla

Deloitte AS
Postboks 6013 Postterminalen
NO-5892 Bergen
Norway

Tlf.: +47 55 21 81 00
Fax: +47 55 21 81 33
www.deloitte.no

8.11.2018

VURDERINGAR KNYTT TIL VEDTAK FATTA I HOVUDUTVAL ELLER FYLKESUTVALET

I samsvar med bestilling frå kontrollutvalet har Deloitte gjennomført ein stikkprøvekontroll av møtebøker og saker som er protokollert i 2017. Vi har gjennomført ein kontroll av om vedtaket i den enkelte sak er

- gjort av et organ med fullmakt til å gjere slikt vedtak,
- i samsvar med norsk lov og eventuelle andre relevante regelverk
- i samsvar med budsjettvedtak, føremål og om det er innanfor rammene av vedtak i fylkestinget.

Vi har gjennomført vurderingar knytt til tolv vedtak fatta i hovudutval eller fylkesutvalet i 2017:

Fylkesutvalet

Sak: 19/17 Retningslinjer for dekking av skyssutgifter for følge til pasientar i DOT SFJ mellom 12 og 14 år

I § 9 i Forskrift for dekkinga av skuleskyssutgifter for pasientar i den offentlege tannhelsetenesta, Sogn og Fjordane, står det at «fylkesutvalet får fullmakt til å godkjenne retningslinjene». Vedtaket i denne saka er difor i samsvar med §9 i forskrifta.

Sak: 21/17 Fv. 55 Høyangertunnelen – fråvik frå N500 Vegtunnelar - elektro

Vedtaket er i samsvar med delegerings- og innstillingsreglementet for Sogn og Fjordane
Fylkeskommune: Fylkeskommunen sitt mynde til å fråvike krav til vegnormalar etter §13 i veglova delegert til fylkesutvalet når det gjeld «skal-krav».

SAK 22 / 17 Luster - reguleringsplan Dale sentrum - motsegn

Vedtaket er i samsvar med delegerings- og innstillingsreglementet 3.39 der det står at fylkeskommunen sitt mynde etter § 5-4 til å komme med motsegn til kommuneplanen sin arealdel er delegert til fylkesutvalet.

SAK 67 / 17 Fylkeskommunalt ENØK - fond - støttemidlar for 2017

Vedtaket er i samsvar med § 2 i reglement for fylkesutvalet og med vedtekten til ENØK-fondet. I punkt 7 i vedtekten til ENØK-fondet står det at fylkesutvalet er styre for ENØK-fondet og tildeler midlar og i punkt 4 står det at grunnkapitalen maksimalt kan tappast for 2 millionar kroner kvart år.

Hovudutval for opplæring

Sak: 2/17 Stimuleringstilskot 2017.

I følgje avgjerdssretten som er beskrive i reglementet for hovudutval for opplæring har utvalet mynde til å styre forvaltinga av budsjetterte midlar innan opplæringssektoren. Vedtaka om disponering av stimuleringstilskotet for 2017 er difor i samsvar med reglementet for hovudutvalet for opplæring.

Sak: 3 / 17 Skriv og meldingar HO 29.03.2017. 1: Ridehall - Mo og Øyrane vidaregåande skule.
Tilrådinga frå hovudutvalet for opplæring er i samsvar med tilrådingsretten til utvalet skildra i reglementet for hovudutval for opplæring.

SAK 20 / 17 Høyringsnotat vedrørande endringar i den yrkesfaglege tilbodsstrukturen.
Vedtaket er i samsvar med § 3 del B om tilrådingsrett i reglementet for hovudutval for opplæring.

Hovudutval for næring og kultur

Sak: 16/17 Kommunale næringsfond – tildeling 2017.

I punkt 1 i vedtaket blir Balestrand kommune tildelt midlar til kommunalt næringsfond. Det er hovudutval for næring og kultur har vedteke ei grense på 2 mill. kr for kommunane i konsesjonsavgifter som dei kan ha og likevel få tilført midlar til kommunale næringsfond. Det blir opplyst i saksutgreiinga at tildelinga til Balestrand bryt med retningslinene ved at dei har passert grensa med 19000 kr. Det går vidare fram at fylkesdirektøren meiner det ville vere urimeleg dersom Balestrand som så vidt er over grensa med 19 000 kroner ikkje får tilskot, når differansen opp til næreste kommune er over 3 mill. kr. Av retningslinene for tildeling av midlar frå kommunale næringsfond går det fram i pkt.13 at retningslinene kan reviderast kvart år av hovudutval for næring og kultur, men «men endringane skal ikkje ha verknad før året etter at endringane er vedtekne. Unnataket er dersom nasjonale føringar gjer det naudsint med endring i tildelingsåret.»

Punkt 2-6 i vedtaket samsvarar med avgjerdsretten som skildra under § 3 A i reglement for hovudutvalet for næring og kultur.

I punkt 7 blir det gitt fullmakt til fylkesdirektøren for næring og kultur til å oppdatere retningslinene for kommunale næringsfond med nye namn på budsjettpostar og regelverk frå Kommunal- og moderneiseringsdepartementet. Når det gjeld mynde til å fatte vedtak i enkeltsaker, eller i saker som ikkje er av prinsipiell betydning, skal desse delegerast til fylkesrådmannen etter kommunelova § 23 (4). I delegeringsreglementet punkt 1.4.5 og § 3 D i retningslinene for hovudutval for næring og kultur, står det også at all delegering frå politiske utval til administrasjonen skal skje til fylkesrådmannen. I dette tilfellet er fullmakt delegert til fylkesdirektør. Vi meiner at dette er i samsvar med delegasjonsreglementet fordi fullmakta som blei delegert er å rekne som eit påbod om å gjennomføre vedtak og ikkje delegering av mynde i snever forstand.

Sak: 24/17 Forlenga avtale med Bergen Filharmoniske Orkester til 2019.

I denne saka fattar fylkesutvalet vedtak om framtidige kostnader for fylkeskommunen: «Samarbeidsavtale med Bergen Filharmoniske Orkester (BFO) og kommunane Førde, Gloppe, Sogndal og Flora vert forlenga til og med 2019 slik det vert opna for i gjeldande avtale. Fylkeskommunen sin del av kostnaden vert innarbeidd i budsjettet for 2018 og 2019». Deloitte har ikkje funne vedtak som gjev hovudutval for næring og kultur mynde til å fatte vedtak om avtale med Bergen Filharmoniske Orkester utan at dette blir sett i samanheng med budsjettvedtak. Vi meiner difor at vedtaket burde ha vore formulert slik at det eksplisitt går fram at det er avhengig av framtidige budsjettvedtak.

Sak: 29/17 Breibandutbygging og fylkeskommunale breibandmidlar.

Punkt 1 i vedtaket samsvarar med avgjerdsretten skildra i reglementet for hovudutvalet, og skildringa under punkt 2.5.6 i budsjettreglementet der det står at hovudutvalet for kultur og næring, innan dei rammer og føringar som ligg i budsjettet, får fullmakt til å gjere vedtak om tildeling av statlege ordningar for tilskot til landbruk og breiband.

I punkt 2 i vedtaket blir det gjort ei delegering til fylkesdirektøren: «Fylkesdirektøren for næring og kultur får fullmakt til å fordele tilgjengelege breibandmidlar etter tal husstandar i søknadane.» Også i dette tilfellet meiner vi at delegering til fylkesdirektør og ikkje til fylkesrådmann (jf. Krav i kommunelova §23 (4) og delegeringsreglement punkt 1.4.5 om delegering til fylkesrådmannen) er i samsvar med delegasjonsreglementet. Dette er fordi fullmakta som blei delegert er å rekne som eit påbod om å gjennomføre vedtak og ikkje delegering av mynde i snever forstand.

Hovudutval for samferdsle

Sak: 1/17 Søknad om finansieringsbidrag 2017 til arbeidet med å realisere Stad skipstunnel

Vedtaket er i samsvar med punkt 2.5.2 i budsjettreglementet som skildrar at hovudutvala har fullmakt til å disponere/fordele avsette utviklingsmidlar til disposisjon for utvala.

Sak: 28/17 Søknad om ruteløyve Aurland - Sogndal 2017/2018.

Punkt a-d i vedtaket er i samsvar med hovudutvalet sitt mynde til å ta avgjersle, etter § 22 i lov om yrkestransport med motorvogn og fartøy, til å yte godtgjersler til rutetransport, og til å fastsetje kontraktsform og retningsliner for tildelinga av godtgjersle som skildra delegeringsreglementet punkt 3.24, underpunkt 2.

Med venleg helsing
Deloitte AS


Stein Ove Songstad
Partner